

Velkommen til Framtida

Tysdag vitjar helse- og omsorgsminister Bent Høie Nordfjord sjukehus og truleg også Nordfjord Psykiatrisenter. Kva får han sjå, og kven får møte statsråden? Som ein kuriositet kan det nemnast at Høie er femte helsestatsråden som vitjar Nordfjord sjukehus dei siste ti åra. Medrekna Høie er det to frå høgre, den første var partikollega til Høie, Ansgar Gabrielsen.

« Han får sjå eit sjukehus der ein ikkje heilt skjønar kva ein skal nytte ressursane til

Etter det så har tre Ap-helsestatsrådar besøkt lokalsjukehuset, som ein vil skal vere ein modell for andre lokalsjukehus kring om i landet. Poenget vårt er at dei alle har lova gull og grønne skogar, men det har berre blitt mindre og mindre sjukehus og meir og meir lokalmedisinske senter. Når dette skal vere ein modell for «Framtidas lokalsjukehus» bør Bent Høie ha med seg mykje verktøy i verktøykassa si, for å sitere Ansgar Gabrielsen.

KVA FÅR SÅ HELSESTATSRÅDEN SJÅ? Jau, han får sjå ei medisinske avdeling der talet på senger er om lag halvert i løpet av dei siste fire åra, og der bemanninga er slik at dei som jobbar på avdelinga har gått utan godkjent turnus det siste året. Han får sjå eit sjukehus kjemisk reint for kirurgi. Han får sjå eit sjukehus, der ein ikkje heilt veit kva ein skal nytte anestesiresursane til. Han får sjå eit sjukehus, der operasjonssjukepleiarar og anestesisjukepleiarar sin kompetanse ikkje vert nytta.

SPEKIALKOMPETANSEN som spesialsjukepleiarane, anestesi, intensiv og operasjon, sit på er gull verd andre stader, men i Helse Førde er ein ikkje villig til å nytte den. Høie kjem også til å få sjå eit sjukehus, der fødeavdelinga, som gjennom tida har gått gjennom alle mulege kvalitetsvurderingar utan at ein fann noko å sette fingeren på, er lagt ned. Helsestatsråden kjem også til å få sjå eit sjukehus, der det er etablert poliklinikkar som er i drift nokre få dagar i månaden med ambulant personell frå storebror - Sentralsjukehuset i Førde.

DAGKIRURGI kjem heilt sikkert til å bli tema under besøket. Kva er så dagkirurgi? I administrasjonen i Helse Førde sine auger er dagkirurgi operasjon av grå stær det store og nye. Som ein kuriositet kan det nemnast at i Arnafjord i Vik kommune, er det ein augelege som har driftsavtale med Helse Vest, som operer grå stær i eit hus på kaia. Augelegen heiter Morten Neset. Han driv også Øyekirurgisk Poliklinikk i Olav Kyrres i Bergen saman med sekretær og sjukepleiar. Er det dette som er framtidens sjukehus? Helsestatsråd Høie må ha med seg noko anna i veska enn det som Helse Vest og Helse Førde har kome med. Alt anna vil vere utan truverde, om han er oppteken av at det skal vere eit sjukehus i Nordfjord.

KVEN SKAL SÅ HØIE MØTE? Etter vårt syn må det absolutt viktigaste vere å møte dei som jobbar på sjukehuset, og som elles aldri kjem til orde - eller blir høyrte. Ordførarar og føretaksleiing har direkte linjer inn til statsråden gjennom sine system. Dette systemet har ikkje dei som utfører den viktigaste jobben. Dei som heile tida, natt og dag, er i kontakt med pasientane og ser kva behova er i Nordfjord. Den Høie ikkje får møte, er den vedtekne stadlege leiinga. Vi kan berre seie: Velkommen til framtida, Høie.



ansvarleg redaktør

TORMOD FLATEBØ


Direkte telefon: 57 88 53 18 • 951 74 910
redaksjon@fjordablaget.no



Vil bremse tunnelfarten

Hovudutval for samferdsle i Sogn og Fjordane har bestemt at farten skal settast ned til 70 kilometer i timen i 12 tunnelar i fylket. Dette er gjort etter vurderingar av Statens vegvesen. Målet er å redusere faren for møteulukker. Blant desse tunnelane er Lotetunnelen og dei tre lengste på Riksveg 15 på Strynefjellet. Andre tunnelar er mellom anna Fodnestunellen, Fjærlandstunnelen, Frudalstunnelen og Høyangertunnelen. Det er ikkje sagt kor tid dei nye fartsgrensene blir innført.

Kvikkleire forsei



– Vi er sterkt uroa

POLITIKK: – Styret i Eid Pensjonistlag er sterkt uroa over endringane som er gjort i Kvalitetsstandardar for praktisk bistand i pleie- og omsorgstenestene i Eid kommune.



Styret i Eid Pensjonistlag er kritiske til ytterlegare kutt i heimehjelpstenesta, seier styreleiar Marit Botn Lefdal. (Arkivfoto: Maria Hjelle)

Dette seier Marit Botn Lefdal, styreleiar i Eid Pensjonistlag, etter at administrasjonen i Eid kommune har føreslått å kutte 1,2 årsverk i heimehjelpstenesta fordi det ikkje er mogleg å oppretthalde eksisterande frekvens på tenestetildelinga, og at standarden frå 2012 difor må reviderast.

Brukarane sitt behov?

– I saksutgreiinga er det frå 2011 til og med 2014 er tenesta redusert med 2,8 årsverk. Stillingssreduksjon i 2014 vil føre til ein reduksjon på cirka 18 husvask per veke.

Per 31. desember 2013 var talet 80 mottakarar. Per 3. mars 2014 er talet 96 mottakarar. Altså ein auke på 16 mottakarar på to månader. Då må det handling til frå administrasjonen si side, for det er budsjettet som er styrande og ikkje så mykje brukarane sine behov lenger. Det blir lenger mellom hjelpa som er tildelt